


Returdresse:
Pirion
Næringsbedet
i Vatlandsvåg
4235 Hebnes
NOREG



www.pirion.no

PIT PARION

Jakob og Neikob på mange måtar

Det var 22. november i fjor. Animasjonsfilmen Jakob og Neikob, laga av Martine Grande med utgangspunkt i den herlege barneboka til Kari Stai, skulle sendast på NRK Super. Toåringen min sat som vanleg i stolen sin og såg på Barne-TV, men då Jakob og Neikob kom på skjermen, spratt ho ut av stolen og sprang. Nokre sekund etter kom ho attende med bokutgåva av Jakob og Neikob i hendene. Ho sette seg ned att i godstolen sin, plasserte boka i fanget og såg vidare på filmen. Boka og animasjonsfilmen høyrde tydelegvis saman, slik ho såg det. På same viset har ho det når ho ser Timmy-tid på fjernsyn. Då skal ho ha Timmy-sauen sin i fanget medan ho ser på. Det kan sjå ut til at ho slik synleggjer for seg sjølv og andre at ting heng saman – at det er same forteljinga i boka og på fjernsynet, at det er same sauen i fanget og på skjermen. Når ho har ting i fleire medium, fører det dessutan gjerne til at ho liker dei betre. Konkrete, fysiske objekt, til dømes bøker, gjer at filmene vert meir stas, leikety gjer at bøkene vert meir stas, og slik held det fram i ei uendeleg rekkje av samanhengar. Det er mellom anna difor eg tykkjer det er bra og viktig med «støjsj» til nynorske barnebøker,



Arild Torvund Olsen er administrasjons- og kommunikasjonskonsulent på Nynorskcenteret

slik som til dømes tøydokkene av Bø og Bæ, puslespelet med Veslefanten og liknande.

At born gjerne liker å sjå ting i fleire medium, bør sjølvsagt utnyttast i barnehagekvardagen. For dei kan jo få i oppgåve å laga nokre av variantane sjølve. Det er ein fin arbeidsmåte å nytta eitt kunstuttrykk som utgangspunkt for å skapa eit anna. Å lata borna teikna og måla med utgangspunkt i forteljinga i ei bok er til dømes ein innarbeidd arbeidsmåte i mange barnehagar. Men det er sjølvsagt mogleg å gjera det andre vegen òg, ved at borna får samarbeida om å dikta ei forteljing med utgangspunkt i eitt eller fleire bilete.

I Trollsletta barnehage i Volda har Reidun Åslid Bjørlykke frå Høgskulen i Volda gjennomført eit spanande prosjekt. Der fekk borna arbeida med å komponera musikk med utgangspunkt i den alt nemnde forteljinga om Jakob og Neikob. Dei las forteljinga, plukka ut element som skulle lydleggjast, og teikna symbol for lydane dei skulle laga. Til sist fekk borna spela musikken sin til animasjonsfilmen. Du kan lesa meir om dette opplegget på Nynorskcenteret sine vevsider om nynorsk for dei minste; www.nynorskcenteret.no/born/ er adressa. Der finn du dessutan animasjonsfilmen om Jakob og Neikob og andre nynorske animasjonsfilmar.

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?

PiRion-kurs Les meir på
www.pirion.no

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION 3/2011, 12. årgangen – ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81. Heimeside: www.pirion.no Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: pirion@norsk-plan.no Korrektur: Dag Gjerde Formgeving: Salikat design

nr. 3 - 2011
PiRion
- kulturavis for barnehagar og skular



FORTELJARSTUND: Solveig Vik fortel eventyr til f.v.: Michael Løland, Jonas Hjelmeland Naterstad, Linda Rogne (assistent), Brage Kvandal, Rim Sami, Sham Sami, Ellnor Thomas og Siri Aasgård.

Spennande språkbruk i barnehagen

– Eit godt språk gjer livet lettare. Språk gir identitet og må derfor lærast tidleg.

TEKST OG FOTO: TRUDE AARSAND, KVINNHERINGEN

Det er barnehagestyrar Solveig Vik i Bringedalsbygda barnehage i Kvinnherad kommune som meiner dette. Ho brenn for to fag; norsk og naturfag, og begge har derfor fått vesentleg plass i det pedagogiske opplegget. Dette barnehageåret er det språket som står i fokus. – Eit godt halvår er gått, og vi ser at borna har gjort store framsteg, seier barnehagestyraren.

Utgangspunktet for satsinga var at barnehagen hadde litt for mange born med språkvanskar. Det ville Solveig Vik gjera noko med. – Språk er nøkkelen til det meste som er viktig for borna. Eg tenkjer på leik, kommunikasjon og det å bidra i det daglege. Born med dårleg språk står i fare for å bli isolerte. Slikt vil vi unngå, seier Vik.



BRØL...

NIFST: Når Solveig Vik skrik som løva i forteljinga, blir det veldig spennande for f.v. Michael Løland, Agelica Fjelland, Julian Tveit-Ribe og Jonas Hjelmeland Naterstad.

LETLÆRTE: Desse eritreiske borna har lært seg Herøysund-dialekten på rekordtid. F.v.: Rim Sami, Sham Sami og Ellnor Thomas



nøye med på borna, registrerer kven som held seg i bakgrunnen under leik, og vurderer om dette kan ha noko med dårleg språk å gjera.

— Målet er at alle skal vera aktive og få den taletida som trengst. Derfor driv vi ei viss form for kartlegging, slik at vi er i stand til å gi den hjelpa kvart enkelt barn treng, fortel Vik.

— Vi syng nynorske songar, lærer rim og regler, fortel eventyr med eigne ord ved hjelp av figurar, og vi har fleire spel som er laga for å stimulera språket. Til dømes Lotto, der borna øver seg i å forklara eit bilde slik at andre lett skal forstå det.

— Vaksenrolla er viktig. Vaksne hjelper til med å finna dei rette orda, lærer borna at alt går etter tur, og syter for at alle er med på leiken.

Norsk i ein fart

Solveig Vik er fornøgd med resultatet så langt.

— Språksatsinga har gitt gevinst til alle, ikkje berre til dei med vanskar. Borna har både utvikla språket og blitt glade i litteratur, fortel Vik.

Spesielt er ho stolt over fire born frå Eritrea som kom til barnehagen med svært lite norskkunnskap i august i fjor.

— Høyr på dei no, seier ho stolt, — det er nesten uråd å høyra at morsmålet deira er eit heilt anna. Ja, til og med o-endingane våre har fått plass i talespråket deira, stråler barnehagestyren.

Spennvidde

Denne dagen er borna frå tre til seks år i avdelinga «Solsikkene» samla til forteljarstund på golvet i eit lite rom, og blant tilhøyrarane sit tre av dei eritreiske borna. Frå «Snakkepakken», som er ein bokkasse med figurar frå forteljingane, har Solveig Vik funne fram ei løve og ein løvefangar. Borna lever seg heilt inn i den spennande og litt nifse historia, ikkje minst borna frå Eritrea, som kanskje hugsar løvene i Afrika.



STORT TILFANG: Bringedalsbygda barnehage har bygd opp eit rikt og spennande utval av barnebøker på nynorsk.

...Spennande språkbruk i barnehagen

Gode bøker

Barnehagen er etter søknad blitt del av eit språkprosjekt i regi av Nynorsksenteret i Volda, «Nynorsk i barnehagen». Det har gitt rikeleg tilfang av gode, nynorske barnebøker som er flittig brukte. Dessutan kurs, rettleiing og gratis medlemskap i bamebokklubben «Blåmann». Ingen pengar følgjer med prosjektet, men ei mengd gode bøker til å bruka i arbeidet.

— Vi har fått svært gode hjelpemiddel, og det er nett kva vi treng, seier Vik.

Kvinnherad kommune har bidrege økonomisk ved å utvide ein 60 % stilling til full stilling, noko som gjer det lettare for barnehagen å gjennomføra prosjektet i praksis.

Bokmål på bussen

Bringedalsbygda barnehage nyttar seg også mykje av bokbussen. Bussen er eit populært tilbod blant både born og vaksne, men Solveig Vik er likevel ikkje heilt fornøgd.

— I barnehagen vil vi helst bruka nynorsk-bøker, men storparten av bøkene på bokbussen er på bokmål, dessverre, seier ho.

Nynorskbøkene blir i hovudsak lesne med forfattaren sine eigne ord, slik at borna også får eit grunnlag for godt skriftspråk seinare.

— Men ikkje alle nynorskbøkene er like gode språkmessig. Når språket blir for oppstylt, til det eg kallar for Sylfest Strutle-språk, lyt vi gjera språklege tilpassingar. Borna må kunna kjenne seg igjen i språket, som er ein viktig del av identiteten vår, meiner språkentusiastene.

Obligatoriske språkstunder

Kvar måndag og tysdag er det faste språkstunder for alle borna. På programmet står høgtlesing eller eventyrforteljing.

— Vil alle borna høyra på?

— Born er ulike, og ikkje alle er like interesserte. Derfor deler vi dei inn i grupper etter interesse og nivå. Dei minst interesserte får kortast lesestund, men ingen slepp klar, seier Vik og peikar på at barnehagane har tradisjon for å vera for «snille» med borna. I tankane har ho valfridomen, og det at borna i litt for stor grad har fått høve til å velja vekk det dei likar minst.

— Dei fleste borna likar å bli lesne for, men dersom dei fekk velja, ville sjølvstakt nokre av dei valt seg ein annan aktivitet. Etter mi meining kan ikkje norsk gjerast om til eit valfag. Derfor må alle vera med, men vi prøver så godt vi kan å gjera individuelle tilpassingar, fortel ho.

Nye univers

Språkstundene dannar ikkje berre eit godt språkgrunnlag. Også andre univers opnar seg for borna.

— Bokverda er stor og spennande. Dersom vaksne ikkje opnar dørene til denne, vil verdifulle opplevingar gå tapt for borna. Bøker gir dessutan ei betre kulturforståing, då tenkjer eg ikkje minst på innvandra born. Barnehagen ønskjer å gi både desse og resten av gjengen eit solid grunnlag å byggja vidare på, seier Vik.

Ho har registrert at eventyra etter Asbjørnsen og Moe er mellom dei som aldri går av moten.

— Borna blir ikkje leie desse forteljingane og vil høyra dei om igjen og om igjen. På grunn av språket gjer vi teksten om til dialekt når vi les, men nåde den som gjer for store endringar. Då protesterer borna, fortel Vik og ler.

Barnehagestyren viser til endå eit positivt resultat av god språkopplæring i barndomen:

— Undersøkingar stadfestar at born med god språkballast gjer det betre på skulen enn andre born.

Kvar dag

Språk og språkutvikling er viktig heile veka i Bringedalsbygda barnehage. Personalet følgjer

LES FOR DEI MINSTE — SJØLV SMÅ BORN LIKAR Å LYTTA TIL LESING

Førskulelærer Margunn Kjærland jobbar med dei minste borna i Bringedalsbygda barnehage, i avdelinga for dei frå null til tre år med det sommarlette namnet «Blåklukkene». Ho har erfart at også dei minste av dei små likar forteljingar og å

Førskulelærer Margunn Kjærland har gode erfaringar med «Nynorsk i barnehagen».

bli lesne for. Avdelinga har innført faste lesestund ein gong i veka, noko som neppe er heilt

vanleg i småbarnsavdelingar.

— Borna likar det godt. Vi les mykje elles også, men då er det borna som tek initiativet, fortel Kjærland.

Born begynner tidleg å inte-



ressera seg for ord, og den interessa bør stimulerast, seier ho.

Kjærland har saman med ein av dei andre førskulelærarane i barnehagen delteke på Nynorsksenteret sitt kurs om prosjektet «Nynorsk i barnehagen».

— Vi hadde godt stoff å formidla då vi kom heim. Kurset gav oss råd og vink om praktisk gjennomføring, og motivasjon til å gjera det. Sidan eg arbeider på ein småbarnsavdeling, så må eg forenkla ting for å kunna bruka det der. Bodskapen på kurset er mest retta mot dei største borna i barnehagen, seier Kjærland.

— Kva synest du om forteljarstundene? Spørsmålet går til seks år gamle Rim Sami frå Eritrea.

— Veldig spennande og kjekke, seier ho på kav dialekt.

— Er norsk vanskeleg å læra?

— Nei, norsk er lett, forsikrar den unge dama.

— Men heime snakkar eg tigrinja med mamma, altså, legg ho til, — mamma vil ha det slik.

— Har du ei favorittbok?

Rim må tenkja seg litt om, for i barnehagen er ho blitt kjend med mange kjekke bøker. Så set opp eit stort smil.

— Jo, norske eventyr!